



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Vestnes kommune

Fråsegn til søknad om å regulere Instebotvatnet - Sesskraft AS

Vi viser til brev 30.04.2018.

Brevet gjeld høyring på Sesskraft AS sin søknad om å regulere Instebotvatnet i Vestnes Kommune.

Omsøkte regulering ligg i eit område/region med fleire tidlegare utbyggingar. Innanfor få år er Øvstedalen kraftverk, Misfjord kraftverk og Sesselva kraftverk realisert.

Fylkesmannen vil sterk rå i frå i tillegg å regulere Instebotvatn med bortføring av vatn frå elvedraga nedstraums.

Med helsing

Ulf Lucasen (e.f.)
Ass. miljøverndirektør

Leif Magnus Sættem

Dokumentet er elektronisk godkjent og har ingen signatur.

Kopi:

VESTNES KOMMUNE	Rådhuset	6390	VESTNES
MILJØDIREKTORATET	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM


Fylkesmannen i Møre og Romsdal – NOTAT 15.07.2028

Fråsegn til søknad om å regulere Instebotnvatn, Vestnes kommune

Generelt

Vi viser til brev 30.04.2018 om å kome med fråsegn til søknad om å regulere Instebotnvatnet øvst i vassdraget ned Sessdalen mot Tresfjorden ved Sætre. Vi seier oss leie for at vi av ulike årsaker sendte søknad om utsett frist etter fristens utløp. NVE v/ Rune Moe har gjeve beskjed om at vi av den grunn har mista retten motsegn.

I Vestnes kommune er det gjennomført fleire kraftreguleringar dei seinare år. Desse er Misfjordelva med Misfjordfossen, Fosåna i Øvstedal og Sesselva med Liafossen (figur 1). Fylkesmannen gav klart uttrykk for verdfulle landskaps- og naturkvalitetar i alle dei tre områda og fann dei vel verdt å ta vare på utan inngrep. Konsesjon vart gjeve og dei opphavelig kvalitetane er i dag reduserte. I 2017 kom søknad om å bygge ut Urdelva inst i Tresfjorden. Planane her vart avslage.



Figur 1. Omsøkte regulering (rød farge m/ Instebotnvatn rødt) samanholdt med andre kraftreguleringar i Vestnes kommune. Oversiktskart henta frå NVE si heimeside.

Om søknaden

Planane

Sesselva kraftverk sto ferdig i september 2016 og har sidan vore i drift. Oppstraums inntaket ligg Instebotnvatnet, eit fjellvatn med normalvasstand på kote 727,5. For å auke produksjonen i det nye kraftverket vert det søkt om å regulere Instebotnvatnet mellom kote 726 (LRV) og kote 728 (HRV). Dette vil føre til ca. 1,85 GWh auka årleg produksjon. Auka i produksjon kjem av betre vassutnytting med eksisterande turbin. Største slukeevne er i dag 2,2 m³/s og installert effekt er 5,1 MW. Lengden på ny råka elvestrekning er ca. 3,5 km. Dammen ved utlaupet av Instebotnvatnet er tenkt utført som massivdam i betong med ei total lengde på ca. 9 m og største høgde 2,5 m. Dammen skal etter plana byggjast veglaust. Planlagt slipp av minstevassføring frå reguleringsdammen i Instebotnvatnet er 20 l/s om sumaren og 10 l/s om vinteren.

Biologisk mangfald, akvatisk og terrestrisk

Vi saknar utgreiing av vasslevande virvellause dyr som konkret grunnlag for uttale om denne delen av det biologiske mangfaldet. Dei ferskvassøkologiske konsekvensane av reguleringar er som regel vurdert ut frå tilhøva for fisk.

Ferskvassøkologiske granskningar er lett sårbare og mangelfulle knytt til evertebratar. Klassisk og generell økologisk kunnskap tilseier at mangfaldet av liv i den typen ferskvasslokalitetar det her er snakk om, i alt vesentleg er insekt, t.d. artar av stein-, døgn- og vårfluer samt ein rekkje artar av fjørmygg. *Å skulle vurdere til fulle biologiske og økologiske effektar av varierende vasstand og vannmengder, let seg ikkje gjere utan kunnskap om desse gruppene.*

Dokumentasjonen knytt til terrestre kvalitetar er etter vår vurdering stort sett tilfredsstillande sett i lys av krav til kunnskapsgrunnlaget, jf. § 8 i naturmangfaldlova. Likevel, det som er dokumentert av mose gjev grunn til å tru at influensområdet kan inneholde større kvalitetar enn dei påviste.

Det er registrert ein raudlista art, mosearten snøotmose i tiltaksområdet. Denne er vurdert å ikkje bli påverka av ei regulering. I tillegg er det funne ein hittil ukjend moseart ca 2m over dagens vassnivå på sør-vestsida av vatnet. Denne vert lite/ikkje påverka av ei regulering.

Området rundt vatnet er utan trevegetasjon med unntak av noko bjørke- og vierkratt. Vegetasjonen er prega av lyng, mest blåbær og krekling. I tillegg til lyng finst ein del gras- og sivartar som finnskjegg og bjørneskjegg. Beitetrykket i området er avtakande og landskapet er truleg i sakte gjengroing. Det er ein høg diversitet av mose kring Instebotnvatnet. Dei fleste er relativt vanlege i fjellet eller i sine miljø, sjølv om det er få funn i Møre og Romsdal av fleire av dei. Snøotmosen og skovlemose er påvist. Lavfloraen i området var fattig. Om soppfauna får vi opplyst om ingen interessante artar.

Langs vatnet er det registrert 3 bekkar som er vurdert til at fisk opp for å gyte. Gyting går truleg føre seg der bekken renn inn i vatnet eller første meteren opp i bekken. Alle bekkane som renn inn til vatnet er små og botnsubstratet er stort sett meir eller mindre grov blokk, noko som ikkje gir dei beste gyteplassar. Instebotnvatnet har lokalt ord på seg for å ha god og stor fisk, noko som kan ha samband med at det er relativt lite fisk i vatnet. Ei regulering av vatnet vil venteleg påverke gytetilhøva lite.

I samband med kartlegging av andre brukarinteresser, kulturminne eller landskapsmessige tilhøve i eller i tilknytning til elva, er det registrert små negative konsekvensar ved gjennomføring av tiltaket.

Våre vurderingar

Synfaring

Representantar frå Fylkesmannen var på synfaring 10.07.2018. Tilhøva i vassdraget denne dagen er gjeve i foto 1-7



Foto 1-6. Instebotnvatn frå utløpsområdet mot sør og 2) utløpsområdet sett mot nord. 3) og 4) utløpselva frå Instebotnvatn motstrøms og medstrøms. 5) innløpselva til Urdavatnet. 6) nedstrøms Urdavatnet. Foto Leif Magnus Sættem.

Landskap /friluftsliv

Landskapet har flotte friluftskvaliteter for vandring, jakt og fiske. Gamalt stinett med stiar som tek av i ulike retningar frå hovudstien til Instebotnvatnert er godt skilta (foto 7). Fleire turgåarar og hyttefolk var å hilse på på synfaringsdagen.



Foto 7. Landskapet inn og ikring Sesselva mot Instebotnvatn er veileigna og mykje brukt friluftsliv- og aktivitetsområde. Foto Leif Magnus Sættem.

INON (inngrepsfrie område)

Regulering av Instebotnvatn vil påverke INON-situasjonen i regionen ved å redusere sone 1 (1-3 km frå tekniske inngrep/installasjoner) og sone 2 (3-5 km).

Forureining

Vi kan ikkje sjå at utbygginga vil føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med særskilt behandling etter forureiningslova.

Vassforskrifta

Sesselva er skilt ut som eigen vassforekomst (ID 102-13-R). Opplysningane i databasen fangar ikkje opp at Sesselva i dag er regulert. Omsøkte regulering vil kunne påverke den økologiske tilstanden. I den vidare saksbehandlinga må NVE vurdere dette opp mot § 12 i vassforskrifta (ny aktivitet og nye inngrep).

Konklusjon

Søknaden konkluderar med at konsekvensane ved ei utbygging samla vurdert er lite negativ.

I vår vurdering av aktuelle sak vel vi å rette fokus på å ivareta uberørtheit i denne delen av vassdraget. Nedre del er i dag utbygd med m.a. reduksjon av det markerte landskapselementet Liafossen som no ytterlegare vert redusert gjennom planane som ligg føre.

Fylkesmannen er kjend med at kommunen går imot søknaden. Vi slutter oss til kommunen si vurdering og konklusjon. Likeeins er vi samd med Naturvernforbundet i Møre og Romsdal sin argumentasjon mot søknaden.

På denne bakgrunnen vil Fylkesmannen sterk rå i frå å regulere Instebotnvatn med bortføring av vatn frå elvedraga nedstrøms.